

Norges forskningsråd  
Postboks 2700 St. Hanshaugen  
0131 OSLO  
Norge

Dykker ref.:

Vår ref.:  
11/04941-124

Dato:  
29.01.2014

## Tildelingsbrev for 2014

Utanriksdepartementet vil i 2014 overføra til saman 71 350 000 kroner til Noregs Forskningsråd til forskingsprogram, oppgåver og tiltak omtalt i dette brevet med vedlegg. Utanom dette kjem tilskot frå Norad og ambassadane i New Dehli og Pretoria. Norad sender eige brev om sine tilskot.

Fordeling av midlane på ulike tiltak og budsjettpostar framgår av vedlegg 1. Nærare retningsliner for forvaltinga av midlane for pågåande program og aktivitetar framgår av avtalar departementet tidlegare har inngått med Forskningsrådet. Retningsliner for tiltak starta etter 1. januar 2013 framgår av vedlegg 2. Etter kvart som avtalar inngått før dette tidspunktet går ut, vil alle retningsliner omtalast i departementets tildelingsbrev til Forskningsrådet.

Midlane skal disponerast i samsvar med Prop. 1 S (2013-2014) og Tillegg 1 for Utanriksdepartementet, utanriks- og forsvarskomiteens innstilling om denne og Stortingets vedtak, forutan i tråd med Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til Forskningsrådet for 2014 og anna regelverk Forskningsrådet er underlagt.

Når det gjeld rapportering og andre føringar som er felles for departementa, viser vi til KDs tildelingsbrev. Med omsyn til mål og resultatstyring, viser vi til gjeldande målstruktur for Forskningsrådet. Departementet legg særleg vekt på følgjande mål og delmål:

**Mål 1: Auka kvalitet, kapasitet og relevans for norsk forskning i heile landet.**  
Delmål 1.5 Styrka forsking i tråd med sektorens og forvaltningas kunnskapsbehov.

Resultatindikatorar: løyvingar, talet på prosjekt, publisering, stipendiatar (doktorgradsstipend, postdoktorstipend og avgjorte doktorgradar), internasjonalisering.

**Mål 2: God ressursutnytting, formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskingssystemet.**

Delmål 2.3 Dynamisk og effektiv samhandling og arbeidsdeling i forskingssystemet.

Resultatmål: at Forskningsrådets midlar medverkar til samarbeid og arbeidsdeling mellom universitet, høgskular og forskingsinstitutt.

**Mål 3: Næringsliv, samfunnsliv og forvalting i heile landet brukar resultata.**

Delmål 3.1 God og tilpassa forskingsformidling til forvaltinga og ålmenta og gode læringsarenaer mellom føretak, institutt, universitets- og høgskulesektoren og forvaltinga. Resultatindikatorar: oversikt over informasjons- og formidlingsaktivitetar, aktivitetar for å byggja nettverk, forutan konferansar, seminar og temamøte i regi av det einskilde forskingsprosjektet, og kvalitativ vurdering av brukarretta formidling.

Utover det som er omtalt i dette brevet, har departementet gjennom Financial Mechanism Office (FMO) i Brussel stilt midlar til rådvelde for Forskningsrådet for gjennomføring av bilaterale program om forskningssamarbeid finansiert av EØS-midlar. Forskningsrådet er programpartner (Donor Programme Partner) for norsk forskningssamarbeid med Estland, Latvia, Polen, Romania, Den tsjekkiske republikken og Ungarn fram til programavsluttinga i 2017. Forskningsrådets rolle og oppgåver som programpartner framgår av Rammeavtalen mellom FMO og Forskningsrådet.

Seinaste samrådsmøte mellom departementet og Forskningsrådet fann stad 19. desember 2013 i UD. Departementet ser fram til eit nytt samrådsmøte i mai/juni 2014 i Forskningsrådet. Vi ser også fram til å få Forskningsrådets sektoranalyse om norsk utanrikspolitisk forsking, som vil vera eit viktig grunnlagsdokument når departementets skal revidera sin strategi for forsking og kompetanseutvikling.

Med vennleg helsing

Christian Syse  
assisterande utanriksråd

Tore Nedrebø  
fagdirektør

Kopi til:  
Kunnskapsdepartementet

Vedlegg:  
1. Fordeling av UDs tildeling til Noregs Forskningsråd for 2014 på tiltak og kapittel/postar.  
2. Nærare retningsliner for nye program og aktivitetar.

## Vedlegg 1: Fordeling av UDs tildeling til Noregs Forskningsråd for 2014 på tiltak og kapittel/postar

Tiltak, periode, referansar	Budsjett kap.post	Fleirårig ramme <sup>1</sup>	Tildeling 2014
Forsknings- og kompetansesenter for petroleumsverksemder i nordområda og Arktis, 2013-2018 (UD-ref. NOR-13/0019), jf. pkt. 1 i vedlegg 2.	118.70	25 000 000	5 000 000
Program for Russland og Nordområda/Arktis (NORRUSS), jf. allereie inngåtte avtalar UD-NFR om: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Asias rolle i nordområda, 2011-2016 (UD-ref. QZA-11/0723)</li> <li>• Russland og nordområda/Arktis 2011-2016 (UD-ref. QZA-11/1046)</li> <li>• Russlandsforskning, 2012-2016 (UD-ref. RUS-11/0035)</li> </ul>	118.70.161/ 118.01  118.70.161/ 118.01  118.70.121/ 118.01	15 000 000  45 000 000  45 000 000	4 750 000 (av dette inntil kr 356 250 frå 118.01)  7 500 000 (av dette inntil kr 562 500 frå 118.01)  9 000 000 (av dette inntil kr 630 000 frå 118.01)
Styrka nordområdesatsingen innanfor området jordobservasjon, 2010-2014, jf. allereie inngått avtale UD-NFR (UD-ref. RER-09/145)	118.70	9 000 000	3 000 000
Gjennomføring av intensjonsavtale mellom Noreg og Storbritannia av 30.11.2011 (UD-ref. RER-12/0066), jf. pkt. 2 i vedlegg 2: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjekt om krill og økosystem i Sørishavet</li> <li>• Styrking av internasjonalt polarforskningssamarbeid</li> </ul>	118.70  118.70/ 118.01	12 000 000  15 387 500	3 800 000  6 500 000 (av dette inntil 325 000 frå 118.01)
Støtte til program for samfunnsvitskapleg forskning knytt til petroleumssektoren (Petrosam 2) (UD-ref. NOR-13/0111), jf. pkt. 3 i vedlegg 2	118.70.161/ 118.01	15 000 000	2 500 000 (av dette inntil kr 87 500 frå 118.01)
Støtte til oppfølging av HAV 21 (UD-ref. NOR-13/0110), jf. pkt. 4 i vedlegg 2	118.70.161	30 000 000	10 000 000
Europa i endring, 2013-2017 (UD-ref. NOR-13/0018), jfr. pkt. 5 i vedlegg 2	100.71.11.6.	25 800 000	5 700 000
Forskning på humanitær politikk, 2011-2015, jf. allereie inngått avtale UD-NFR (UD-ref. QZA-11/0700)	163.71.701	40 000 000	13 600 000
Til saman		277 187 500	71 350 000

<sup>1</sup> Med etterhald om Stortingets løvying

## **Vedlegg 2: Nærare retningsliner for tiltak starta etter 1. januar 2013**

### **1. Forskings- og kompetansesenter for petroleumsverksemd i nordområda og Arktis**

Det er oppretta eit senter for forsking om utfordringar for petroleumsverksemd i arktiske strøk. Senteret vart utlyst av Noregs forskingsråd som eit kompetanseprosjekt for næringslivet og tildelt UiT – Noregs arktiske universitet i 2013 under namnet Research Centre for Arctic Petroleum Exploration (ARCE). Formålet er å byggja opp eit forskingsmiljø av høg kvalitet som er relevant for oljenæringa i nord og i arktiske strøk, i samsvar med utsyn vedtatt av Forskningsrådets divisjonsstyre for energi, ressursar og miljø (sak 73/12) og publisert 6. november 2012 på Forskningsrådets heimesider.

Senteret skal vera tidsavgrensa, med varigheit på maksimalt fem pluss tre år. Noregs Forskningsråd vil evaluera senteret etter fire år. Evalueringa vil danna grunnlag for vurdering om Utanriksdepartementets tildeling skal vidareførast for ytterligare tre år. Senteret er ei oppfølging av strategisk prioritering nr. 10, «Regjeringen vil legge til rette for en forsvarlig utnyttelse av petroleumsressursene i nord», i Meld. St. 7 (2011-2012), *Nordområdene – visjon og virkemidler*.

Senteret vert finansiert med like bidrag frå Olje- og energidepartementet og Utanriksdepartementet. Tildelinga frå Utanriksdepartementet har ei ramme på 25 mill. kroner over fem år, med etterhald om Stortingets samtykke. Det kan planleggast for ei mogleg forlenging på tre år med ei ramme på 15 mill. kroner.

Ein legg opp til følgjande fordeling dei fem første åra:

2013: 2,5 mill. kroner (utbetalt)  
2014: 5 mill. kroner  
2015: 5 mill. kroner  
2016: 5 mill. kroner  
2017: 5 mill. kroner  
2018: 2,5 mill. kroner.

### **2. Gjennomføring av intensjonsavtale (MoU) mellom Noreg og Storbritannia**

#### *2.1 Prosjekt om krill og økosystem i Sørishavet*

For å ivareta Noregs rolle som polarnasjon vil regjeringa satsa vidare på utvalde prosjekt i Antarktis, som forsking på krill-bestanden i Antarktis. Prosjektet skal også

medverka til å styrkja norsk-britisk forskingssamarbeid gjennom felles forskingsprosjekt knytt til krill og økosystemet i Sørishavet.

Avtalen med Storbritannia føreset eit samarbeid mellom The British Antarctic Survey, Norsk Polarinstitutt, Havforskinsinstituttet og andre relevante forskingsinstitusjonar i Noreg og Storbritannia. Prosjekta skal vera tre- til fireårige og leggja vekt på aktivitetar som styrkjer det norsk-britiske forskingssamarbeidet og som legg til rette for rekruttering av yngre forskarar.

Følgjande generelle føringar gjeld for løyvinga:

- Årleg overvaking av krillens utbreiing og volum («annual monitoring of krill distribution and abundance»)
- Langsiktig observasjon av krillvolum og ytre miljø («sustained long-term observation of krill abundance and physical environment»)
- Predatorars tyding for utbreiing av krill og krillfiske («predator foraging footprints in relation to krill and fishery distribution»)
- Samspelet mellom krill og predator («krill-predator interaction»)

Ein legg opp til følgjande fordeling gjennom dei tre åra prosjektet varer:

2013: 4,6 mill. kroner (utbetalt)

2014: 3,8 mill. kroner

2015: 3,6 mill. kroner.

## *2.2 Styrking av internasjonalt polarforskningssamarbeid*

Utanriksdepartementet ønskjer å styrkja det internasjonale polarforskningssamarbeidet. Internasjonalt samarbeid innan polarforskning er viktig for å møta globale utfordringar innan klima og miljø, å auka kvaliteten og kapasiteten i norsk forsking, å sikra Noreg tilgang til internasjonal kunnskapsproduksjon og å fremja Noreg som leiande forskningsnasjon innan polarforskning.

Følgjande generelle føringar gjeld for løyvinga:

- Forskningsrådet skal medverka til å styrkja det internasjonale forskingssamarbeidet i polare område, jf. omtale ovanfor.

- Midlane som vert stilte til rådvelde for Forskningsrådet skal brukast målretta til å finansiera hovudsakleg forskningsprosjekt og i tråd med prioriteringar utarbeidde etter ein workshop om saka i 2013.
- Forskningsrådet skal medverka til å oppfylla målsetjingane for polarforsking i intensjonsavtalen som vart inngått mellom Noreg og Storbritannia 30.november 2011.
- Dette arbeidet vil bidra til å følgja opp prioriteringar gitt i Forskningsrådets policy for polarforsking, jf. [http://www.forskningsradet.no/prognett-polarforskning/Sentrale\\_dokumenter/1231229969404](http://www.forskningsradet.no/prognett-polarforskning/Sentrale_dokumenter/1231229969404).

Ein legg opp til følgjande fordeling:

2013: 3 500 000 kroner (utbetalt)

2014: 6 500 000 kroner

2015: 5 387 500 kroner.

### **3. Samfunnsvitskapeleg forsking knytt til petroleumssektoren (PETROSAM2)**

Utanriksdepartementet vil i perioden 2013-2018 tildela 15 mill. kroner til Noregs Forskningsråds program for samfunnsvitskapeleg petroleumsforskning, PETROSAM2.

Formålet med PETROSAM2 er å vidareutvikla kompetanse om samfunnsmessige forhold som er relevante for norske styresmakter og næringsliv sin strategi og politikk i petroleumssektoren. Programmet er delt inn i to strategiske perspektiv. Det første fokuserer på forvalting av petroleumsressursane på norsk sokkel. Det andre er eksplisitt retta mot nordområda/Arktis og kunnskap om utviklinga innan energirelaterte tema i Russland, inkludert dei russiske nordområda. Programmet medverkar til å følgja opp ei rekke av målsetjingane i Meld. St. 7 (2011-2012)

*Nordområdene – visjon og virkemidler*, som strategisk prioritering nr. 1: «Norge skal være ledende på kunnskap om, for og i nordområdene», og nr. 10: «Regjeringen vil legge til rette for en forsvarlig utnyttelse av petroleumsressursene i nord». Programmet følger òg opp fleire av satsingsområda for tilskotsordninga Barents 2020, inkludert målsetjinga om å bidra til å oppretta arenaer for samarbeid mellom norske og utanlandske kompetansemiljø på nordområderelevante fagfelt (Prop. 1 S (2012-2013)).

Departementet tek atterheld om at Noregs forskningsråd skil ut dei PETROSAM2-prosjekta som får midlar over Barents 2020 og rapporterer om resultata frå desse. Prosjekt som får støtte over Barents 2020 skal vera nordområderelevante. Barents 2020-

ordninga skal fungera som såkornmidlar. Det er difor særleg interessant å støtta prosjekt som utløyser midlar eller innsats frå andre og/eller opnar nytt samarbeid mellom norske og utanlandske aktørar.

Departementet legg opp til ei årleg fordeling på 2,5 mill. kroner for perioden 2013-2018. Inntil 3,5 % kan brukast til administrasjon av programmet i Noregs forskingsråd. Forskningsrådet skal spesifisera eigne administrative kostnader i rapporteringa til departementet.

#### **4. Oppfølging av HAV 21**

FoU-strategien HAV 21 følgjer på fleire område opp målsetjingane i Meld. St. 7 (2011-12) *Nordområdene – visjon og virkemidler*. Dette gjeld mellom anna forvaltning av miljø og naturressursar, kunnskap om økosystemet, og berekraftig fiskeri- og havbruksnæring i nord. Som støtte til konkrete prosjekt innanfor disse temaområda i HAV 21, vil Utanriksdepartementet for perioden 2013-2016 stilla til rådvelde 30 mill. kroner over tilskotsordninga Barents 2020 til Noregs Forskningsråd.

I 2013 gjekk midlane til prosjekt under programmet Havet og kysten. Departementet stiller seg positiv til at Noregs Forskningsråd i 2014 og eventuelt 2015 tar med støtta frå Barents 2020 i ei felles utlysing av midlar mellom programma Havet og kysten, Klimaprogrammet og Polarprogrammet, under føresetnad av at støtta vert brukt i samsvar med reglementet for bruk av Barents 2020-midlar og prioriteringane i HAV 21. Departementet ønskjer dialog med Forskningsrådet om utlysinga.

Prosjekt som får støtte over Barents 2020 skal vera nordområderelevante. Barents 2020-ordninga skal fungera som såkornmidlar. Det er difor særleg interessant å støtta prosjekt som utløyser midlar eller innsats frå andre og/eller opnar nytt samarbeid mellom norske og utanlandske aktørar.

Departementet ønskjer å halda kontakt om utlysingstekstar og verta orientert om prosjekta som får midlar frå Barents 2020, kunnskap som vert produsert og måten resultata vert profilerte.

Departementet legg opp til følgjande fordeling:

2013: 10 mill. kroner (utbetalt)  
2014: 10 mill. kroner  
2015: 6 mill. kroner  
2016: 4 mill. kroner.

## **5. Europa i endring 2013-2017**

Utanriksdepartementet ønskjer å vidareutvikla satsinga på europaforsking. Satsinga skal stimulera til europarelatert forsking av høg kvalitet. Forskinga skal gi ny innsikt og styrka kunnskapsgrunnlaget for politisk handling. Som eit sentralt verkemiddel ønskjer UD å vidareføra samarbeidet med Forskningsrådet om forskingsprogrammet «Europa i endring». Utanriksdepartementet stiller midlar til rådvelde for NFR som utlyser dei i open konkurranse blant forskingsinstitusjonar, universitet og høgskular.

Kriteria for tildelinga er nærmare spesifisert i utlysingstekstane frå 2012 og 2013, som baserer seg på dokumentet «Fagleg og tematisk grunnlag». Tildeling av prosjekt skjer på grunnlag av søknader. Søknadane vert vurderte av internasjonale ekspertar. Styringsgruppa for Europa i endring innstiller til divisjonsstyret for vitskap for endeleg vedtak. Utanriksdepartementet deltar med ein observatør i styringsgruppa.

Utanriksdepartementet skal, med etterhald om Stortingets løyving, løyva 5,7 millionar kroner årleg fram til og med 2017 til «Europa i endring», til saman 25,8 millionar kroner for avtaleperioden. Dette inkluderer to tildelinger, ei for 2013-2017 (avtalt 2012) og ei for 2014-2017 (avtalt 2013) på respektive 15 og 10,8 millionar kroner.